

# Reviderte reglar for tilskott til Byglandsjordbruket

---

Vedteke av k – styre den 23.03.2017 i k - sak nr 14 / 17

## **1.0 Føremål**

*1.1 Målsetjinga med dette regelverket er å stimulere til auka aktivitet, sikre eksisterande arbeidsplassar og å skape nye arbeidsplassar i Byglandsjordbruket.*

## **2.0 Økonomiske verkemiddel**

*Det vert sett av ei total økonomisk ramme på kr 2 400 000 for åra 2017, 2018, 2019 og 2020. Dette skal nyttast til investeringar i Byglandsjordbruket inklusive kjøp mjølkekvoter. Utbetalinga vil variere alt etter kor mange som søker dei enkelte åra.*

## **3.0 Krav til søkjarane**

*3.1 Søkjarane må mottake produksjonstilskott i jordbruket, drive bruk i Bygland kommune og vere skattepliktig til Bygland kommune.*

*3.2 Under oppbygging, så kan det bli gitt dispensasjon frå kravet i pkt 3.1.*

*3.3 Procentsatsen på tilskottet vert lågare dersom søkjaren sin alder er over 40 år etter følgjande avkorting:*

*40 – 50 år: Tilskottet vert redusert med 25 % av gjeven prosentsats for dei under 40 år.  
50 – 55 år: Tilskottet vert redusert med 37,5 % av gjeven prosentsats for dei under 40 år.  
55 – 65 år: Tilskottet vert redusert med 50 % av gjeven prosentsats for dei under 40 år.  
Over 65 år: Tilskott vert ikkje gjeve.*

*3.2 Forpaktarar av gardsbruk kan og søkje der kommunen har godkjent forpaktingsavtale, og elles oppfylle krava i punkt 3.1.*

*3.3 Tilskott til bygging av driftsbygningar kan berre gjevast til eigaren av gardsbruket eller forpaktaren der eigaren har godkjent bygging.*

## **4.0 Stønadsformer og tilskottsstorleik**

*Det kan søkjast om stønad til følgjande føremål:*

### **4.1 Modernisering og nybygging av driftsbygningar for husdyr.**

*4.1.1 Tilskottssatsen er maksimalt 10 % av godkjent kostnadsoverslag*

*4.1.2 Prosjekt kostnadsrekna til under 500 000 får ikkje rett på tilskott etter denne ordninga.*

- 4.1.3 *Ordninga kan og nyttast i dei tilfella utgiftene pålaupar med utgangspunkt i offentlige pålegg.*
- 4.1.4 *Vanleg vedlikehald inngår ikkje i tilskottsordninga*

#### **4.2 Kjøp av mjølkekvote**

*Inntil kr 40 000 av kommunestyret si årlege budsjettløyving til ordninga kan nyttast til kjøp av mjølkekvote. Det ytast inntil 20 % tilskott av totalkostnaden til kvotekjøpet. Kvitteringar på kjøpet må leggjast ved søknaden. «Først til mølla» prinsippet gjeld for det aktuelle søknadsåret. Søknadar det ikkje er budsjettdekning til for søknadsåret kjem først i køen for neste budsjettår.*

### **5.0 Generelle reglar**

- 5.1 *Tilskottet kan delutbetalast etter skriftleg oppmoding over fleire år.*

*Tilskottet vert utbetalt når prosjektet er avslutta etter skriftleg oppmoding og dokumentering av reelle kostnader. Delutbetaling kan skje, men 20 % av tilskottet skal haldast attende til ferdigmelding på bygget føreligg.*

- 5.2 *Det er ikkje høve til å auke tildelt tilskott dersom tiltaket vart dyrare enn kostnadsoverslaget. Det er tilskottsprosenten av dokumentert og reell kostnad som gjev grunnlag for utbetaling dersom tiltaket vert billigare enn kostnadsoverslaget.*

- 5.4 *Arbeidsfristen vert sett til maksimalt 5 år. Plan – og resursutvalet kan vurdere forlenging av arbeidsfristen etter grunngjeven søknad.*

*Søknadsfristen er 1. mai i 2017. Søknadfristen i påfølgjande år er 1. mars.*

*Søknadane skal innehalde naudsynte plan – og byggjeteikningar, kostnadsoverslag, budsjett og evt driftsplan. Administrasjonen avgjer kva som er naudsynt dokumentasjon. Alle søknadar vert handsama i felles sak framlagd for Plan – og resursutvalet innan mai kvart år.*

- 5.5 *Alle prosjekt skal i førekant vere avklåra i høve anna gjeldande lovverk og føresegner som tiltaket famnar.*

- 5.6 *Stønaden kan krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom det seinare kjem fram tilhøve som strir med føremålet i desse reglane eller at tiltaka er i strid med gjeldande lovverk eller ikkje samsvarer med gyldige løyve.*

- 5.8 *Ordninga skal evaluerast innan 31.12.2020*